

Kva:	Møte nr. 01 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Torsdag 14. august 2025, kl. 19:30-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 01 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 02 25-27 Langrennskomiteen sitt mandat SAK 03 25-27 Konstituering av langrennskomiteen 2025-2027 SAK 04 25-27 Krinslaga i langrenn 2025-2026 SAK 05 25-27 Breiddesamlingar 2025 SAK 06 25-27 Nasjonale renn og meisterskap 2025-2026 SAK 07 25-27 SFSK Handlingsplan 2025-2027 RAPPORTERINGSSAKER SAK 08 25-27 Rekneskapsrapport SAK 09 25-27 Budsjett 2025 SAK 10 25-27 Marknadsarbeid i langrennskomiteen EVENTUELT
Til stades:	André Haugsbø, Ellen Blom, Erik Brenne, Tor Arne Hov, Eline Orheim, Torstein Blikra, og Kennet Dvergedal (adm.)
Merknad:	Tor Arne Hov deltok på SAK 02 25-27
Forfall:	Reidun Smørdal Hjelle
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 01 25-27

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 25-27

Langrennskomiteen sitt mandat

Bakgrunn

Langrennskomiteen skal utføre oppgaver ihht. SFSK si lov §15 b.

I møtet blir det også orientert frå:



- Tidlegare LK leiar
- Komitémedlemmar som har attval
- Adm. sjef

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 03 25-27

Konstituering av langrennskomiteen 2025-2027

Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val til funksjonar. Langrennskomiteen 2023-2025 vart konstituert til følgjande funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem i anleggskomiteen
- Økonomi/ sponsor ansvrleg
- Utvikling/ utdanning ansvarleg
- Terminlisteansvarleg

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste møte.

SAK 04 25-27

Krinslaga i langrenn 2025-2026

Bakgrunn

Krinslaga i langrenn består av totalt 9 utøvarar.

7 løparar er knytt til det ordinære krinslaget, der 1 utøvarar er med på «vinterpakken».

Impulslaget (f. 2010 og 2011) består av 2 løparar.

Trenarar 2025-2026

Hovudtrenar: Simen Bækken og Roger Øye Pollen

Trenarar: kvalifiserte trenarkrefter vert med på dei ulike samlingane

Krinslagskontingent 2025-2026

- Impulslag (2010-2011): Kr. 5 000,-
 - Junior (2006-2009): Kr. 13 000,- (kr. 8 000,- utan klede)
 - Senior (2005-): Kr. 15 000,- (kr. 10 000,- utan klede)
- (inkl. opne samlingar med Team Elon Vest og Team SørVest)*

Kjøp av enkeltsamlingar

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på heile samlingsopplegget er det mogleg å delta på enkeltsamlingar ved å melde seg på og betale for ønskja krinslagssamling. For kjøp av enkeltsamlingar gjeld følgjande kostnader:

- Deltakaravgift kr. 200,- pr dag



- Utøvar må dekke alle kostnader med reise, overnatting, mat etc. (kostnader vil variere frå samling til samling, vi legg opp til rimeleg overnatting med sjølvkost stipulert frå ca. kr. 200,- til kr. 600,- pr natt.

Samlingsplan 2025-2026

Fokus	Stad	Dato	Senior	Junior	Impuls
Ski	Sognefjellet/Skjolden	28. mai.-1. juni	X	X	X
Barmark	Vik	27. juni-1. juli	X	X	
Barmark	Markane	07.-10. august	X	X	X
Barmark	Hemsedal	4.-7. september	X	X	
Barmark	Voss	25.-28. september	X	X	X
Barmark	Førde	9.-12. oktober (haustferie)	X	X	
Ski	Beitostølen	26.-30. november	X	X	X
FIS renn	Gålå	28.-30. november			
FIS renn	Hemsedal?	5.-7. desember	X		
Ski	Sogndal	12.-14. des	X	X	X

Totalt:

Senior: 37 døgn

Junior: 34 døgn

Impuls: 20 døgn

Samlingsplanen er retningsgjevande og blir drøfta i samband med første samling.

For seniorutøvarane vert det også lagt til rette for samlingar saman med Team SørVest og Team Elon Sør-Vest. Tidspunkt og stad for desse samlingane er ikkje avklara p.t., men dei kjem i tillegg til samlingane ovanfor.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å legge til rette for eit opplegg der klubbar som har skisamling på Beitostølen kan samarbeide med krinslaget, og på tvers av klubbar, 28.-30. november.

SAK 05 25-27

Breiddesamlingar 2025

Bakgrunn

Av breiddesamlingar for aldersgruppa 15 år og yngre legg ein opp til følgjande samlingar:

- Sognefjellet sommarskiskule, 23.-27. juni 2025 (21 deltakarar)
- Miljøsamlinga Langeland, 13. september 2025



- Miljøsamling Ullsheim, 26.-28. september 2025
- Enivest skiskule, utgår i 2025

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 06 25-27

Nasjonale renn og meisterskap 2025-2026

Bakgrunn

I arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

Forøvrig vil Norges Skiforbund reservere overnatting/innkvartering til samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement:

- Norgescup jr. Beitossølen, 09.-11. januar 2026
 - Norgescup jr. + sr. Åsen, 20.-22. februar 2026
 - Norgescup jr. Gålå, 13.-15. mars 2026
 - **Norgescup jr. (NM sr. del 2) Harstad, 26.-29. mars 2026**
 - Hovudlandsrennet Tolga/ Tynset, 27. februar-1. mars 2026
- Innkvarteringa frå Norges Skiforbund blir gjort med fordelingsnøkkel 1/3 (1 støtteapparat per 3. løpar)

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste møte. Vidare vil langrennskomiteen undersøke om ein skal legge opp til felles smøreopplegg i samband med Ungdommens Holmenkollrenn.

SAK 07 25-27

SFSK Handlingsplan 2025-2027

Bakgrunn

Handlingsplanen for Sogn og Fjordane skikrins 2025-2027 vert lagt fram i møtet.

VEDTAK

Tek saka opp igjen i neste møte.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 08 25-27

Rekneskapsrapport pr. 13.08.2025

Bakgrunn

Rekneskapsrapport er sendt ut som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 454 519,-

Driftskostnader LK: kr. -409 203,-

Resultat: kr. 45 289,-



Eigenkapital LK pr. 31.12.2024: kr. 549 941,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

SAK 09 25-27

Budsjett 2025

Bakgrunn

Budsjett for langrennskomiteen 2025 er sendt ut som eige vedlegg. Budsjettet vert presentert i møtet.

Budsjett for langrennskomiteen 2025 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 373 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 1 373 000,-.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek budsjett 2025 til orientering.

SAK 10 25-27

Marknadsarbeid i langrennskomiteen

Bakgrunn

Status i langrennskomiteen sitt marknadsarbeid:

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebank1 Sogn og Fjordane	Langrenn	2026	Avtalen går t.o.m. 31.12.2026
SFE	Hopp/ langrenn	2026	Avtalen går t.o.m. 31.06.2026
Erdal Sport/ Intersprot Førde	Langrenn	2025	Avtalen går t.o.m. 31.05.2025. Forhandlingar om ny avtale er i gong.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek marknadsavtalane til orientering.

EVENTUELT

Neste møte i langrennskomiteen: veke 38/ 39 (tidspunkt blir avtala per e-post)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

André Haugsbø (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef